

Styremøte Vestland – 2025

Mandag 17.02. kl.12:00 – 15:30

PROTOKOLL



Iver Solliid
Kategori: Musikk
Sted: Luster, Vestland



Lea Herland
Kategori: Dans
Sted: Askvoll, Vestland



Vivel Andrea Øen
Kategori: Visuell kunst
Sted: Sunnfjord, Vestland



Paul Norwin Schmidt
Kategori: Musikk
Sted: Låvik, Vestland



Synne Hellebo
Kategori: Musikk
Sted: Høyanger, Vestland
Nominert: 2025



Gjertin E. Kirkeelide
Kategori: Teater
Sted: Strvn, Vestland



Kaspar Bastesen Dale
Kategori: Åpen klasse
Sted: Alver, Vestland



Jonas Eskeland
Kategori: Musikk
Sted: Bergen, Vestland



Ida Brelvik
Kategori: Sirkus
Sted: Bergen, Vestland



Nell Zheo
Kategori: Åpen klasse
Sted: Bergen, Vestland



Eivind Dæmring Styve
Kategori: Musikk
Sted: Voss, Vestland



Tuva Baggen
Kategori: Visuell kunst
Sted: Bjørnafjorden, Vestland

[Utval draumestipendnominerte frå Vestland 2025](#)

Sakskart til styremøte 17.02.25:

2025.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2025.02 Referatsaker	3
2025.03 Styrearbeid	3
2025.04 Politisk arbeid	3
2025.05 Utviklingsområda	5
2025.06 Orienteringar	5
2025.07 Eventuelt	5

Frå styret møter:

styreleiar Hege Eide Vik
nestleiar Kjetil Høgseth Felde
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem Karianne Kayser
styremedlem Rolf Seldal

Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring
rådgjevar Knut Øverland kl.14:30-15:00

2025.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakskart godkjent.

Vedtak:

Innkalling og sakskart godkjent.

2025.02 Referatsaker

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Jf. nye vedtekter er pkt. 3, Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte, tatt ut styremøta.

Regionstyret vert bedt om å halde seg orientert om hovudstyret sine sakskart og protokollar på nettsida.

2025.03 Styrearbeid

Forslag til vedtak:

1. Innspel frå regionstyret vert tatt med i vidare styrearbeid.

Vedtak:

1. Høyring frå UDIR på ny tilskotsordning mars 2025, vert følgt opp vidare av regionavdelinga. Me imøtesjår uttale frå Kulturskolerådet sin administrasjon.
2. Innspel frå regionstyret vert tatt med av Kulturskolerådet sin administrasjon, for vidare tilrettelegging av bistand til kommunane m.o.t. rammeplanen «Kulturskole for alle».

2025.04 Politisk arbeid

Forslag til vedtak:

1. Det er ingen forslag til vedtak.
2. Rådgjevar tek innspel frå styret med i vidare arbeid.
3. Saker til regionmøte med val vert følgt opp i neste styremøte.
4. Rådgjevar tek innspel frå regionstyret med i vidare arbeid med medlemsmøte 31. oktober 2025.
5. Rådgjevar tek innspel frå regionstyret med i vidare samhandling med NMF Hordaland.
6. Rådgjevar tek innspel frå regionstyret med i vidare arbeid.

Vedtak:

1. Vedtak i høve oppfølging av vedtak frå Vestland fylkeskommune sak PS265/24 punkt ein til fire:
Pkt. 1: Avklaring av regionale kulturskular med ansvar for fordjuping vert teken i samarbeid med regionane.
Pkt. 2: Det vert forventa at fylkeskommunen tek kontakt for etablering av fast møtepunkt mellom Vestland fylkeskommune og Kulturskolerådet Vestland.
Deltaking i kvarandre sine konferansar der Kulturskolerådet får ei rolle, vert sett på som naturleg del av vidare samhandling.
Fylkeskommunen vert invitert til å få ei rolle i Kulturskolerådet Vestland sitt medlemsmøte 31. oktober 2025.
Pkt. 3: Dette vedtakspunktet (sjå sakskart) vert tatt med til drøfting i møte med fylkeskommunen.
Pkt.4: Regionstyret følg opp, korleis styrkt samarbeid mellom dei to avdelingane i fylkeskommunen vert tatt vidare og kva tyding det kan få for Kulturskolerådet sitt arbeid.
2. Representasjon våren 2025:
 - a. Styremedlem Rolf Seldal tek del på «Fordypningskonferansen» 13. mars i Stjørdal.
 - b. Rådgjevar tek del på KS Vestland sin Strategikonferanse
 - c. Styreleiar følg opp vidare med ordførarar for kort dialog om regionmøte med val, medlemsmøte 30.-31.10.2025 i Bergen og ny rammeplan.
 - d. AU ser på mogleg kontakt med Statsforvaltar i etterkant av møte med hovudstyret 4. mars.
 - e. Rådgjevar tek kontakt med KS Vestland ved dagleg leiar for å få mogleg møte mellom AU i KS Vestland og Kulturskolerådet Vestland.
 - f. Vidare representasjon vert handsama av AU i dialog med styret om det vert naudsynt før neste styremøte i mai.
3. Saker til regionmøte med val vert følgd opp i neste styremøte:
 - a. «De unges festspilldag» og «De unges festspillforestilling» vert tatt opp som sak av styret.
 - b. Vestland fylkeskommune vert gitt ei rolle i medlemsmøtet på bakgrunn av vedtak i Vestland fylkeskommune sak PS265/24.
 - c. Rammeplanen «Kulturskole for alle» vert ivaretatt i regionmøte med val.
 - d. Innspel frå deltakarane på digitale leiarmøte i mai vert tatt med til neste styremøte.
4. Innretning av medlemsmøte vert følgt opp i neste styremøte:
 - a. Rammeplanen «Kulturskole for alle» vert del av medlemsmøte 31. oktober 2025.
 - b. Innspel frå deltakarane på digitale leiarmøte i mai vert tatt med til neste styremøte.
 - c. Leiarmøte vert drøfta i tilknytning til nye vedtekter og medlemsmøte.
5. Samhandling med NMF Hordaland og NMF Nordvest:
 - a. Rådgjevar ser om det er mogleg å ta del.
 - b. Kulturskolerådet Vestland stør NMF Hordaland i høve informasjon om kurs for dirigentar / instruktørar innan handtering av åtferdsproblematikk og psykisk helse blant barn og unge.
 - c. Regionane i fylket vert førespurt om dei ønsker dialogmøte med deltaking frå NMF og Kulturskolerådet.
 - d. Rådgjevar følg opp samhandlingsmøta med administrasjonen i NMF Hordaland og NMF Nordvest.
6. Saka om medlemstilbod i 2025 vert drøfta med deltakarane på digitale leiarmøte i mai.

2025.05 Utviklingsområda

Forslag til vedtak:

1. Handlingsplan perioden 2024-2025 lagt fram i styremøtet er tatt til orientering.
2. Det er ingen forslag til vedtak.
3. Det er ingen forslag til vedtak.
4. Det er ingen forslag til vedtak.

Vedtak:

1. Handlingsplan perioden 2024-2025 lagt fram i styremøtet og status for utviklingsområda er tatt til orientering.
2. På styremøte 2 – 2025 i mai får handlingsplan og utviklingsområda eit større fokus med meir avsett tid tidlegare i styremøtet.

2025.06 Orienteringar

Forslag til vedtak:

1. Status for ordførarrunde tatt til orientering.
2. Orientering om hovudstyret sine møtedokument tatt til orientering.

Vedtak:

1. Status for ordførarrunde tatt til orientering. Styreleiar føl opp dialog med resterande ordførarar om regionmøte med val 30.10.2025 i Bergen og representasjon frå kommunane ved politisk og administrativ leiing, medlemsmøte 31.10.2025 i Bergen og ny rammeplan «Kulturskole for alle».
2. Hovudstyret sine møtedokument tatt til orientering.
3. Tatt til orientering høringsfrist 17.3 på utkast til forskrift om Regionale kulturfond .

2025.07 Eventuelt

Forslag til vedtak:

Det er ingen saker til eventuelt.

Vedtak:

Det er ingen saker til eventuelt.